

Take On Me



Small yellow text box with illegible text, possibly a title or description.

2010

Nasjonalbiblioteket



Nasjonalbiblioteket



Utstillinga *Hunting High and Low: a-ha gjennom 25 år* drog fleire tusen besøkjande til Nasjonalbiblioteket i dei tre siste månadene av året. Popgruppas besøk i biblioteket og tilstrøyminga av norske og utanlandske a-ha-fans sette punktum for eit hendingsrikt år i Nasjonalbiblioteket der viktige milepålar blei nådde, nye samarbeidsavtalar inngått og Nasjonalbibliotekets mandat blei utvida til også å gjelde ansvaret for å utvikle ein nasjonal bibliotekpolitikk.

Den største endringa for Nasjonalbiblioteket i 2010 var overføringa av bibliotekområdet frå ABM-utvikling frå 1.juli. Hausten blei brukt til å revidere strategi og organisasjon i tråd med det nye mandatet.

Nasjonalbiblioteket skal, med grunnlag i egne erfaringar og tenester, ha eit spesielt ansvar for å utvikle og styrkje biblioteka i Noreg som aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar, basert på lokal identitet. Dette målet skal ein oppnå ved å:

- vere ein sentral infrastruktur for alle bibliotek
- leggje til rette for bruk av digitalt innhald og utvikling av nye digitale tenester
- utlyse og fordele prosjektmidlar innanfor prioriterte utviklingsområde for å stimulere til utvikling av betre bibliotektenester
- vere i dialog med bibliotek og bibliotekteigarar
- forvalte biblioteklova

Det digitale Nasjonalbiblioteket

Bokhylla har vore ein viktig del av Nasjonalbibliotekets digitale satsing også i 2010. Målet om 50 000 rettsverna bøker i tenesta blei nådd mot slutten av 2010. Evalueringa av prosjektet blei starta mot slutten av 2010 og vil halde fram i 2011. Tenesta har vore ein suksess målt i bruk og etterspurnad: Talet på sidevisingar frå opninga av bokhylla.no i slutten av mai 2009 til årsskiftet 2010/2011 var nærmare 28 millionar (27 904 487).

- Totalt blei det registrert meir enn 56 millionar sidevisingar frå Nasjonalbibliotekets nettsider. Det var ein auke på meir enn 50 % frå 2009
- I 2010 blei det etablert datalesesal og mediatek i Oslo
- Det var i 2010 prioritert å digitalisere bøker, aviser, foto, handskrifter, notemanuskript, radio og truga lyd- og videoformat
- Det blei i 2010 inngått avtalar om digitaliseringssamarbeid med Stavanger Aftenblad, Trønder-Avisa og Asker og Bærum Budstikke. Som ein del av desse avtalane får Nasjonalbiblioteket rett til å gi tilgang til den digitale utgåva av avisene i norske bibliotek



På bokhylla.no kan ein søkje og lese i 50 000 norske bøker. Foto: Cedric Archer

- Den totale lagringskapasiteten i det digitale sikringsmagasinet utgjorde rundt 6,9 petabytes
- 9000 titlar i NBdigital kunne lastast ned som pdf – totalt blei det gjort 20 317 nedlastingar

Fagleg utvikling og forskning




Foto: Anne Tove Ørke/Nasjonalbiblioteket

Fag- og forskingsprosjekt:

- Bjørnson-bibliografi
- Bibliografi over musikken til Henrik Wergeland
- Deltaking som partner i større fag- og forskingsprosjekt, blant anna med digitalisering av forskingsprosjekt i universitetssektoren:
 - ▷ Henrik Ibsens skrifter
 - ▷ Svartebokprosjektet ved Universitetet i Oslo
- Utgiving av den vitenskaplege skriftserien *Nota Bene*, utgåve nr. 2: *The Archive in Motion: New Conceptions of the Archive in Contemporary Thought and New Media Practice*
- Anna publisering i faglege kanalar, som for eksempel artiklar i *Library and Information History*, *Prosa* og *Norsk litteraturvitenskapelig tidskrift*
- Statsbudsjettet for 2010 gav Nasjonalbiblioteket oppdraget med å etablere ein norsk språkbank. Språkbanken er ei teneste til den delen av næringslivet som jobbar med utvikling av språkbasert IKT, til forskarar innanfor språkvitenskap og språkteknologi, og til offentlege verksemdar som utviklar elektroniske løysingar for offentlege tenester
- Arrangement av fagkonferansar og -seminar i regi av Nasjonalbiblioteket
 - ▷ Den årlege internasjonale kongressen for filmarkiv, FIAF
 - ▷ Fotokonferansen *The Ends of photography*
 - ▷ Internasjonal Bjørnson-konferanse
- Musikkarvprosjektet. Prosjektet har som formål å sikre at notematerialet til den klassiske norske musikken blir teke vare på og gjort tilgjengeleg.

Formidling og besøk

I 2010 var det tre hovudutstillingar, fem miniutstillingar og 61 arrangement. Nasjonalbibliotekets besøkstal var på same nivået som året før, med nærmare 170 000 besøkjande. Utlån frå samlingane hadde ein svak auke og passerte 200.000. Det var nedgang i utlån av mikrofilm og ei auke i fjernlån på 10,7 % samanlikna med 2009. Det digitale biblioteket hadde over 25 millionar visingar av digitalt innhald i 2010. Dette er meir enn ei tredobling samanlikna med året før.



Sjeldan har det vore trongare om plassen i utstillingslokalet: a-ha-utstillinga stod i tre månader og hadde fleire tusen besøkjande. Foto: Jina Chang/

Nasjonalbiblioteket

Hovudutstillingar i 2010

- Kamera går! Film i Noreg gjennom hundre år. 2158 besøkjande
- Bautaen Bjørnson. Stridsmann, fredsvenn, diktarhovding. 5288 besøkte den fysiske utstillinga i Nasjonalbiblioteket. Plakat- og digitalversjon av Bjørnson-utstillinga blei tilbode alle norske bibliotek. 170 lokale bibliotek laga utstilling med utgangspunkt i denne
- Hunting High and Low: a-ha gjennom 25 år. Også digital utstilling på nb.no. 7993 besøkjande på den fysiske utstillinga

Bjørnson-året

Nasjonalbiblioteket hadde i 2010 det nasjonale ansvaret for 100-årsmarkeringa for Bjørnstjerne Bjørnsons død. Forfattarjubileet blei markert på fleire ulike vis:

- Tre nasjonale markeringar; i Oslo i samarbeid med Nationaltheatret, på Maihaugen/Aulestad i samarbeid med Maihaugen, og i Molde i samarbeid med Bjørnsonfestivalen
- HKH Kong Harald var kongeleg beskyttar av Bjørnson-året
- Opprettinga av www.bjornstjerne.no
- Nasjonalbiblioteket gav ut to bøker: *Bjørnson i Kamp for Europas undertrykte minoriteter* og *Bjørnsons sangskatt*.
- Bjørnson-bibliografi
- Internasjonal forskingskonferanse i samarbeid med Universitetet i Oslo

Det er laga ein eigen rapport etter Bjørnson-året, sjå www.bjornstjerne.no

I 2010 deltok Nasjonalbiblioteket i planlegginga av Nansen-Amundsen-året 2011 og andre jubileum fram til 2014.



Denne rocka versjonen av Bjørnstjerne Bjørnson var ein del av plakattstillinga som blei vist i 170 norske bibliotek i Bjørnson-året.

Foto: Ketil Born/
Nasjonalbiblioteket

Norsk nettleksikon

Sparebankstiftinga DnB Nor, Fritt Ord og Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening løyvde 31,5 millionar kroner over tre år til eit nytt nettleksikon. Målet med Norsk nettleksikon er å lage ein ny digital kunnskapsbase på nett. Nasjonalbiblioteket har ansvaret for infrastruktur og utvikling av grensesnitt. Nettleksikonet skal koplast opp mot Nasjonalbibliotekets databasar av digitaliserte bøker, bilete og filmar.

Foto: Marte-Kirne Sandeng/Nasjonalbiblioteket



Samla om nettleksikon: Rektor ved Universitetet i Oslo Ole Petter Ottersen, generalsekretær i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening Trond Andreassen, nasjonalbibliotekar Vigdis Moe Skarstein, styreformann i Fritt Ord Francis Sejersted, preses ved Det Norske Videnskaps-Akademi Nils Christian Stenseth og direktør for Sparebankstiftinga DnBNor Frode Helgerud.

Nasjonalbiblioteket i media

Nasjonalbiblioteket starta det nye året med ei nyheitssak som fekk stor sendeflate og spalteplass i riksmidia: Ei pakke med brev, skrivne at Knut Hamsun «til ein ung pike», hadde vore klausulert i 50 år. 4. januar blei pakka opna i Nasjonalbiblioteket med Hamsun-kjennarar, kulturminister Anniken Huitfeldt og pressa til stades. Det blei laga ei digital forteljing om breva som blei gjort tilgjengeleg på nb.no.



Andre saker som plasserte Nasjonalbiblioteket i søkjelys for media i 2010:

- Bjørnson-året. Alle Bjørnson-arrangementa har fått stor mediedekning og brei omtale, og kongefamilien har vore til stades ved fleire ulike høve. Bjørnson-året og markering av forfattarjubileum generelt har gjennom året vore debattert, og har fått god mediedekning
- Andre hovudutstillingar, særleg a-ha-utstillinga, fekk brei mediedekning. a-ha-utstillinga blei blant anna presentert i Dagsrevyen
- Avtale om digitalisering av både Stavanger Aftenblad og Trønder-Avisa. Avtalane inneber digital avlevering og digitalisering av det historiske arkivet til avisene. Materialet blir gjort tilgjengeleg

for publikum via ei digital teneste i Nasjonalbiblioteket og andre norske bibliotek.

- Overføringa av biblioteksoppgåver frå ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket
- Norsk nettleksikon
- bokhylla.no og digitaliseringsprogrammet generelt

I tillegg til å vere synleg i media har Nasjonalbiblioteket vore aktiv i sosiale medium som Facebook, Twitter, YouTube og Flickr.

Samlinga

Den systematiske samlingsoppbygginga skjer i form av nye pliktavleverte dokument samt overført materiale frå andre bibliotek til Depotbiblioteket. Eksempel på viktige tilskot:

- Plakatsamling med 216 plakatar frå Bruno Oldani
- Populærlitterær boksamling frå Willy Bakkens samling. Ca 5000 bind med

pocketbøker og seriehefte 1950–2000, med særleg vekt på kriminal- og westernlitteratur 1950–1980

- 200 masterband etter plateselskapet Manu Music
- Agnar Mykles arkiv
- Arne Garborg: Ein del brev til Idar Handagard
- Nils Nordberg: Regibøker til Radioteateret



Nasjonalbiblioteket kjøpte i 2010 samlinga etter musikal, kulturhistorikar og forfattar Willy Bakken, betre kjent som Willy B. Foto: Frode Skjold

Det blei i 2010 etablert ei ny teneste i NBdigital for tilgang til digitale aviser. Tenesta blei gjort tilgjengeleg for brukarar i lokala til Nasjonalbiblioteket i 2010. Aviser som Nasjonalbiblioteket har inngått avtale med om digitaliseringsarbeid, vil bli gjort tilgjengelege via den same tenesta i norske bibliotek i 2011.

Nasjonalbiblioteket har i løpet av 2010 fått på plass ein pilotversjon av Bibliotek-søk som etter kvart kan erstatte dagens samkatalog for bøker. Piloten gir tilgang til eit enkelt søkjegrensesnitt, data frå ein handfull bibliotek og ein blogg som gir høve til kommunikasjon med dei som er interesserte i å følgje med på utviklinga.

Nokre nøkkeltal

Ved utgangen av 2010 hadde Nasjonalbiblioteket 387 fast tilsette

Inkludert distriktssendingane til NRK blir no 35 ulike radio- og tv-kanalar avleverte digitalt

Talet på besøkjande til biblioteket: 167 709

Det er gjort meir enn 1,1 millionar søk i NBdigital, noko som er ein auke på meir enn 50 % frå 2009

Det blei totalt digitalisert ca 213.000 objekt i Nasjonalbibliotekets digitaliseringsprogram i 2010